

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 26.08.2005
Sakbehandlar: Hans Stenby og Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Utbygging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen HF**

Styresak 77/05 B

Styremøte 06. 09. 2005

Bakgrunn

Styret i Helse Vest hadde i møte den 9/12-2004 under sak 094/04 B "Innspel til statsbudsjett 2006 – investeringar" ei drøfting av investeringsbehova og finansielle utfordringar knytt til investeringsplanane i helseføretaka. I denne saka vart det mellom anna fatta vedtak om at investeringsplanane i Helse Stavanger og Helse Bergen blir teken opp med eigaravdelinga i HOD, og at ein drøfter mogleg tilleggsfinansiering for å kunne gjennomføre investeringsprosjekta. Det har vore gjennomført drøftingsmøte med eigaravdelinga, i tillegg til at ein gjennom årleg melding og rapporteringsrutinane har orientert eigar om investeringsbehova og den finansielle utfordringa som er knytt til gjennomføring av investeringsbehova. Ei oppsummering av drøftinga med eigar tilseier at Helse Vest ikkje kan pårekna særskilt statleg investeringstilskot til finansiering av prosjekta i Helse Bergen og Helse Stavanger.

Prosjekta må bli prioriterte innan avskrivingsmidlar og tilgjengelege lånemidlar.

Helse Vest bør kunne leggje til grunn minst same nivå på årleg låneramme som i 2005.

Helse Vest kan forvente ein høgare del av låneramma når kapitalbehova til dei store prosjekta A-hus og St. Olavs Hospital blir ferdige (frå og med 2008).

Departementet presiserte og at dei ikkje kunne gje nokon lovnad om låneramma, og at dette er løyvingar som vert gjort for eit år av gangen i statsbudsjettet. I 2005 har Helse Vest fått tildelt ei låneramme på kr 350 mill. Den endelege låneramme til helseføretaka blei fordelt i sak 57/05 B. Departementet har halde tilbake kr 350 mill i låneramme som vert fordelt i september. Helse Vest har søkt departementet om å få tildelt heile denne låneramma til oppstart av mellom anna nytt laboratoriebygg i Helse Bergen samt nytt akuttmottak med observasjonseining ved Helse Stavanger.

Nytt laboratoriebygg i Helse Bergen er eit av desse store prosjekta som er planlagde starta opp i slutten av 2005 under føresetnad av at ein finn ei finansiell løysing. Det har vore gjennomført drøftingsmøte mellom Helse Bergen og Helse Vest vedkommande samla investeringsplan og finansiering av lab bygget.

Prosjektet har vore utreda i lengre tid og i styremøte den 11/2-2004 sak "05/04 B Nytt laboratoriebygg" fatta styret i Helse Bergen følgjande vedtak:

- "1. Styret slutter seg til at det reises et nytt laboratoriebygg på "laboratorietomten" basert på de foreliggende planer. Prosjektering starter så raskt som mulig.*
- 2. Realisering av prosjektet vurderes å være strategisk avgjørende for realisering av den vedtatte Arealplanen.*
- 3. Styret ber administrasjonen komme tilbake til finansiering av byggeprosjektet basert på ein utredning og evaluering av alternative modeller"*

Den samla kostnadsramma er i 2004 anslått til å vere kr 640 mill. (ferdig 2008), og skal difor i medhald av gjeldande investeringsprosedyre til behandling i styret i Helse Vest etter gjennomført konseptfase og etter gjennomført forprosjekt. Prosjektet blir no lagt fram for styret i Helse Vest med basis i gjennomført konseptfase. Saka bygger på dei drøftingar som har vore med Helse Bergen samt dei utredningar og vedtak som er fatta av styret i Helse Bergen.

Kommentarar

Konseptfasen er ein utredningsmessig mellomfase for å få eit meir kvalifisert underlag før det blir fatta vedtak om at eventuell programmering og prosjektering kan settast i verk. Prosjektet skal vurderast mellom anna i høve til:

- Prosjektet si plassering i forhold til det regionale helseføretakets totale tilbod med avgrensing til andre sjukehus, spesialitetar og funksjonar
- vurdering av alternative investeringar, med grunngjeving for valt alternativ og lokalisering,
- lønsomheitsanalyse inklusive økonomiske konsekvensar
- økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet
- plan for forprosjekt (tidsplan, kostnadsramme, organisering mv.)

Prosjektet si plassering i forhold til det regionale helseføretakets totale tilbod

Nytt laboratoriebygg ved Haukeland universitetssjukehus inngår i ein samla utbyggingsplan for sjukehuset. Utbyggingsforslaget må vurderast i ein slik heilskapeleg samanheng.

Haukelandsutbygginga blei fullført i 1983. Den einaste større utbygginga etter det har vore Haukeland hotell (pasienthotellet) som blei ferdig i 1998.

Det er ikkje realistisk at forventet auke i behovet for helsetenester kan ivaretakast på ein tilfredsstillande måte i noverande bygningsmasse.

Sjølv om det er usikkerheit knytt til prognosar om framtidig behov for tenester, er det behov for oppgradering og fornying av bygningsmassen.

Basert på ein analyse av utviklinga i behovet for tenester, kapasitet og funksjonalitet i eksisterande bygningsmasse, standard på bygningsmassen og kva potensiale området har for vidare utbygging og utvikling, er det laga ein samla utbyggingsplan for Haukeland universitetssjukehus.

Det er her konkludert med at det er mogeleg å utvikla sjukehusområdet slik at ein også i framtida kan ivareta dei aktuelle sjukehusoppgåvene.

Planen legg opp til ein stegvis utbygging som kan justerast undervegs.

Sentralblokk vil, sjølv om den er over 20 år, fortsett kunne vere hovudarealet for den somatiske verksemda. Det krev likevel ei oppgradering av sentralblokk.

Det er på denne bakgrunn laga ein utbyggingsplan kor det skal byggjast opp senter rundt sentralblokk som og gjer det mogeleg å flytta ut verksemd frå sentralblokk som ikkje treng vere her, og oppgradere frigjort areal til kliniske kjernefunksjonar.

Sjukehusdelen av psykiatrien blir delt ved at vaksenpsykiatrien blir lagt til Sandviken medan barne- og ungdomspsykiatrien blir på Haukelandsområdet.

Den økonomiske ramma er berekna til 2,8 mrd kr (2004-tall) over ein 7-årsperiode. Prosjekta som inngår i planen er:

- Nytt laboratoriebygg: 539 mill. kr
- Nytt barne- og ungdomssenter: 702 mill. kr
- Nybygg stråleterapiavsnitt: 53 mill. kr
- Oppgradering av sentralblokken: 200 mill. kr
- Kreftbygg: 500 mill. kr
- Nevrosenter: 60 mill. kr
- Diverse mindre prosjekt 200 mill. kr
- Psykiatriutbygging: 500 mill. kr

Nytt laboratoriebygg er første steg i denne utbyggingsplanen. Nybygget vil gje plass til alle dei medisinske laboratoria ved sjukehuset med unntak av avdeling for patologi.

Den planlagde aktiviteten i bygget er ei vidareføring av dei oppgåvene som laboratoria allereie har ansvar for. I tillegg vil bygget romma lokale for Universitetet i Bergen.

Prosjektet vil såleis ikkje ha følgjer for funksjons- og oppgåvedeling i regionen som heilskap.

Vurdering av alternative investeringar

Det kan diskuterast om fornying av lokala for laboratorkverksemda er det viktigaste å ta fatt i. Som sagt ovanfor må denne utbygginga sjåast i ein heilskap. Det er behov for å gjere noko med lokala for fleire av laboratoria. Dette er likevel ikkje det viktigaste i denne samanheng. Eit nytt laboratoriebygg vil samla dei fleste laboratoria og leggja grunnlag for ei effektivisering av verksemda, men det vil og frigjera viktig areal til pasientformål, særleg i sentralblokka.

Det tener til fleire formål; det gjer grunnlag for ei meir rasjonell laboratorkdrift og erstattar dårlege lokale og frigjør naudsynt areal for meir direkte pasientretta verksemd, og for å møte framtidig behov. Det gjer det mogeleg å oppgradera sentralblokka for kliniske formål.

Utbygginga inneber og at Universitetet i Bergen overfører areal dei leiger m.a i sentralblokka til det nye bygget, samstundes som dei utvidar sitt leigeareal.

Det er funne ei god lokalisering av bygget, nær sentralblokka og med Universitet sitt bygg for basale biologifag (BB-bygget) som næraste nabo. Tomta blei klargjort i samband med BB-bygget, og det er etablert parkeringsareal under bakken.

Full utnytting av denne tomta vil kunne gje eit bruttoareal på ca 20 000 kvm. Med ein brutto/netto-faktor på 1,8 vil det gi 10 900 kvm nettoareal.

Bygget kan romme alle laboratoria med unntak av laboratork for patologi. Dette vil beslagleggja 52 % av arealet. Universitetet har bede om å få stilt 34 % av arealet til disposisjon. Dei resterande 14 % kan disponerast til anna sjukehusverksemd eller til utleigeareal.

Utbyggingsløyisinga gjev ei god arealmessig utnytting av tomteområdet. Det er så langt ikkje funne betre alternative løyisingar.

Lønssomheitsanalyse inklusive økonomiske konsekvensar

Den samla investeringa er med basis i eit ferdig bygg i 2010 estimert til å utgjere kr 700 mill inkludert byggjelårenter og prisjustering.

Investeringa må løftast av Helse Bergen innafor gjeldande driftsramme og finansierast gjennom opptak av byggjelån hos staten. Dei driftsøkonomiske konsekvensane er kalkulerde med utgangspunkt i forventa situasjon i 2010, som er det første året i full drift. Dei økonomiske utrekningane byggjer på følgjande føresetnad:

- Avskrivningar på investeringskapital er 60 år på bygg og 25 år på tekniske anlegg
- Kalkulert årleg lønnsvekst 4 %
- Lånerente stat 3%
- Kalkulert årleg prisstigning 2 %
- Husleige for utleigd areal til Universitetet i Bergen er satt til 8 % av investert kapital
- Husleige for utleigd areal til andre eksterne leigetakarar er satt til kr 2.000,- pr. m2 pr år (antatt marknadspris i 2010)

Dei driftsøkonomiske konsekvensane ved gjennomføring av prosjektet vil første året i drift utgjere følgjande:

Auka kapitalkostnad (1000 kroner)

Avskrivningar på bygg og utstyr	kr	18.140
Renter på byggjelån (fullfinansiert)		<u>21.000</u>
Sum	kr	39.140

Reduserte driftsutgifter/auka driftsinntekter:

Synergi personalutgifter	kr	6.800
Synergi utstyr		2.300
Auka husleigeinntekter frå universitetet		6.270
Husleigeinntekter andre eksterne leigetakarar		1.700
Netto auka forskingsinntekter		<u>3.700</u>
Sum	kr	20.770

Netto kostnadsauke første året med drift (2010)

kr 18.370

Som nemnd tidlegare i saka vil lab bygg prosjektet i tillegg til å samle laboratorieaktiviteten også frigjere areal i sentralblokka til auka pasientbehandling. Denne kostnadsauken vil såleis vere ein del av kostnadane for å møte eit auka kapasitetsbehov i samband med forventa auka produksjon av helsetenester. Den auka pasientbehandlinga vil og ha ei inntektsside i form av auka DRG inntekt og poliklinikkinntekter. Samstundes vil dei frigjorde areala i sentralblokka krevja større oppgraderings- og ombyggingskostnadar som og må sjåast opp mot inntekta som følgje av auka aktivitet. Det er difor ikkje teke omsyn til slike inntekter i forbindelse med nytt lab bygg.

Helse Bergen har og gjort ei vurdering av dei økonomiske konsekvensane dersom utviklinga skulle tilseie at det ikkje er behov for auka behandlingsskapasitet. Det er i dag fleire leigeavtaler på lokal rundt i byen. Med ein frigjort kapasitet i sentralblokka vil ein kunne overføre verksemd frå desse lokala og inn i sjukehusbygget utan nemneverdig ombygging/oppussingskostnadar. Dette vil kunne redusere leieutgifter med om lag kr 14,2 mill på årsbasis.

Økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet

Helse Bergen har eit samla investeringsbehov som overstig dei midlane ein har innanfor dagens inntektsrammer. Gjennomføring av investeringsprosjektet føreset difor at ein kan ta opp lån hos staten.

Desse låna blir vedtatt i statsbudsjettet for eit år av gangen, og det vil difor vere nødvendig å planlegge framdrifta av prosjektet med denne usikkerheita for auge. Som sagt har Helse Vest søkt departementet om ekstra lån i 2005 på kr 350 mill. Departementet vil ta stilling til fordeling av ekstra lånemidlar i løpet av september. Dei lånemidlane som blir tildelt Helse Vest i 2005 og dei etterfølgjande åra, vil difor måtte nyttast mellom anna til bygging av nytt lab bygg ved Helse Bergen.

Helse Bergen må prioritere og gjennomføre investeringsprosjekta innafor følgjande midlar:

- avskrivingsmidlar i basisramma (kr 255 mill i 2005)
- lån til investeringar (blir fastsett årleg i statsbudsjett)
- bruk/omprioritering av midlar i basisramma til å dekkje investeringar
- kortsiktig kan ein nytte driftskreditt viss låneramma eit år skulle bli lågare enn føresett

Plan for forprosjekt

Helse Bergen har i sin prosjektplan lagt til grunn følgjande milepælar for prosjektet:

- Styringsgruppe for laboratoriebygg etablert i 2003
- Planlegging av laboratoriebygg starta i august 2004
- Hovudfunksjonsprogram blei levert 1/12-2004
- Prosjekterande blei kontrahert mars 2005
- Skisseprosjekt blei levert 18.05.2005
- Delfunksjonsprogram blei ferdig 30.05.2005
- Rom funksjonsprogram skal leverast i september 2005
- Forprosjekt skal vere avslutta 01.11.2005

Forprosjektet skal behandlast av styret i Helse Vest RHF før prosjektet kan i gang setjast.

Før forprosjektet blir lagt fram må det gjennomførast ekstern kvalitetssikring av prosjektet. Det skal protokollast i styrevedtaket at slik ekstern kvalitetssikring er gjennomført.

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner vidare planlegging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen basert på gjennomført konseptfase
2. Styret legg til grunn at prosjektet blir vidareført til forprosjekt innafor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjer:
 - a. Investeringskostnad inkludert byggjelånsrente på kr 700 mill
 - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 18.1 mill
3. Ein tek sikte på at forprosjekt blir lagt fram til behandling i styret i Helse Bergen og Helse Vest i oktober 2005.
4. Ekstern kvalitetssikring skal være gjennomført før ny behandling i Helse Vest sitt styre.
5. Ein føresetnad for oppstart hausten 2005/våren 2006 er at Helse Vest RHF får tildelt ekstra lånemidlar frå departementet jfr. eigen søknad.
6. Styret føresett vidare at Helse Bergen HF klarar å innfri kravet om resultat i balanse for den samla verksemda også etter bygging av nytt laboratoriebygg.